

REGULERINGSFÖRESEGNER

for

REGULERINGSPLAN FOR LÖVFALLSFELTET, SANDE I GAULAR KOMMUNE

§ 1

Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Dei enkelte bustadhusa skal plasserast der det høver best på dei viste tomtene, etter bygningsrådet si godkjenning. Minsteavstand frå midtline regulert veg skal vere 9 m.

§ 2

I området kan det førast opp bustadhus i 2 etasjer med tilhøyrande garasjar.

§ 3

Gesins- og sokkelhøgde kan fastsettast av bygningsrådet.

§ 4

Garasjar skal som hovudregel førast opp som tilbygg til bustadhuset, og tilpassast dette med omsyn til materialval, form og farge.

Bygningsrådet kan, der tilhøva ligg til rette for det, tillate oppført frittliggjande garasje. Garasjen kan berre førast opp i 1 etasje med grunnflate ikkje over 45 m² og skal vere tilpassast dette med omsyn til materialval, form og farge.

I tillegg kan ein innanfor reglane i byggeforskriftene, førast opp i garasje i andre etasjer.

Endelig plassering av garasje vert fastsett av bygningsrådet.

Plassering av garasje skal vere vist på situasjonsplan som følgjer byggesøknaden for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal førast opp samstundes med dette.

I tillegg til garasje skal det vere oppstillingsplass på eigen grunn for 1 bil.

§ 5

Bygningane skal ha saltak. Takvinkelen kan fastsettest av bygningsrådet, som kan krevje at bygningar i same gruppe eller langs same vegstrekning skal ha lik takvinkel.

§ 6

Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemeldinga sjå til at bygga får ei god form og materialbruk og at bygningar i same byggjefelt får ei harmonisk utforming. Farge på hus bør godkjennast av bygningsrådet.

§ 7

Tomter i utkanten av feltet, slik som tomtene 1, 5 og 6 kan utnyttast til butikk, lager og mindre verkstad i sokkeletasjen, dersom bygningsrådet etter sitt skjønn finn at slik utnyttning ikkje fører med seg ulemper for grannar og gjenbuarar.

Bensinstasjon eller annan trafikkskapande verksemd kan ikkje oppførast innan det regulerte området.

§ 8

Utforming av gjerder, murer og forstøttningsmurer, høgde, farge skal godkjennast av bygningsrådet. Gjerdehøgden må ikkje vere over 80 cm inklusiv sokkel.

Det må ikkje plasserast nærare vegkant enn 1 m

§ 9

Det må ikkje hoggast ut andre tre på tomtene enn det som er naudsynt for plassering av hus, tilkomstveg og kraftliner. Bygningsrådet kan godkjenne hogging av tre som hindrar sol og utsikt.

Ingen tomt må plantast til med tre eller busker som etter bygningsrådet sitt skjønn, kan vere skjemmaende for den offentlege ferdsel.

Dei områda som ikkje vert tilbygd må gjevast ei tiltalende utforming.

§ 10

Mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsföresegnene kan, der serlege grunnar ligg före, tillatast av bygningsrådet innefor ramma av bygningslova og vedtektene for Gaular kommune.